



## Møteinnkalling

---

|                  |                                  |
|------------------|----------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune |
| <b>Møtestad:</b> | Fjell rådhus, kultursalen        |
| <b>Dato:</b>     | 02.10.2017                       |
| <b>Tid:</b>      | 09:00                            |

---

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post [unni.rygg@nyeoygardenkommune.no](mailto:unni.rygg@nyeoygardenkommune.no)

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj i foajeen ved kultursalen frå kl. 11.30.

Straume, den 26.september 2017.

Marianne Sandahl Bjørøy (s)  
Ordfører Fjell kommune

Børge Haugetun (s)  
Ordfører Øygarden kommune

Kari-Anne Landro (s)  
Ordfører Sund kommune

## SAKSLISTE

| <b>Saksnr</b> | <b>Innhald</b>   |
|---------------|--|
| PS 1/17       | Godkjenning av innkalling og saksliste   |
| PS 2/17       | Nye Øygarden kommune - konstituering av fellesnemnda   |
| PS 3/17       | Skriv, meldingar og orienteringar  |
| PS 4/17       | Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2019  |
| PS 5/17       | Møteplan for fellesnemnda hausten 2017   |
| PS 6/17       | Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemmer av fellesnemnda                        |
| PS 7/17       | Oppnemning av partssamansett utval og møteplan for partssamansett utval hausten 2017           |
| PS 8/17       | Politisk organisering av Nye Øygarden kommune, utval som skal oppnemnast i prosessen           |
| PS 9/17       | Prosjektmandat for arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune, inkl. utkast til milepelsplan |
| PS 10/17      | Prosjektorganisering Nye Øygarden kommune  |
| PS 11/17      | Direkteoverføring av fellesnemnda sine møte via nett-TV  |
| PS 12/17      | Kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd  |
| PS 13/17      | MOT Fest i Vest 2018   |
| PS 14/17      | Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS                                  |
| PS 15/17      | Lokalisering av prosjektstab for etablering av Nye Øygarden kommune                            |
| PS 16/17      | Ymse   |



## Nye Øygarden kommune

Arkiv: 016  
Saksmappe: 2017/4790-24534/2017  
Sakshandsamar: Sølvi Fotland Spilde  
Dato: 26.09.2017

### SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 1/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Godkjenning av innkalling og saksliste



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 2/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Nye Øygarden kommune - konstituering av fellesnemnda

#### Samandrag av saka:

**Etter inndelingslova sin paragraf 26 skal det opprettast ei fellesnemnd som skal samordne og ta seg av førebuinga av samanslåingsprosessen. Nemnda vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda konstituerer seg ved å velje følgjande personar som leiar og nestleiar:

Leiar: .....

Nestleiar: .....

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleiar

**Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

**Saksopplysningar:**

Etter inndelingslova sin paragraf 26 skal det opprettast ei fellesnemnd som skal samordne og ta seg av førebuinga av samanslåingsprosessen. Nemnda vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

I det felles kommunestyremøtet 21. juni 2017 vart det vedtatt at den permanente fellesnemnda skulle vere identisk med førebuande fellesnemnd. Oppgåvene og fullmaktene til fellesnemnda er synleggjort i reglementet. I framlegget til reglement går det fram at fellesnemnda skal vidareføre arbeidet med å etablere ein ny kommune frå 1. januar 2020 i samsvar med intensjonsavtalen (vedtatt av kommunestyra den 20. juni 2016) og inndelingslova.

Fellesnemnda skal etablere arbeidsutval, underutval og arbeidsgrupper etter behov. Nemnda skal disponere eingongsstønaden frå staten (35,9 millionar kroner) og ha ansvar for tilsetting av ny rådmann, ny administrativ leining og anna personale i den nye kommunen. Nemnda skal også førebu budsjett og gjennomføre budsjettprosessen for 2020 og økonomiplan for åra 2020-2023.



## SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 3/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Skriv, meldingar og orienteringar

#### Referatsaker

- Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman, sjå vedlegg
- Status for ressursar i prosjekt Nye Øygarden kommune, sjå vedlegg
- Protokoll frå ekstra Generalforsamling i Gode Sirklar AS 26.09.17, sjå vedlegg



## DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

|           |             |                |
|-----------|-------------|----------------|
| Deres ref | Vår ref     | Dato           |
|           | 15/5265-229 | 2. august 2017 |

### **Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman**

Vi viser til brev av 01.06.2017 med søknad om tilskot til infrastrukturtiltak i samband med kommunereforma. Departementet har handsama søknadane og vedteke å tildele kommunane Fjell, Sund og Øygarden 4 mill. kroner i 2017.

Departementet kunngjorde i april 2017 ei tilskotsordning til etablering eller forbetring av vegar og digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Ordninga skal leggje til rette for og forsterke effekten av ein ny og meir føremålstenleg kommunestruktur. Det er sett av 150 mill. kroner til tilskotet i 2017. Maksimal sum for tilskot til den enkelte samanslåing i 2017 er 5 mill. kroner. Det er også eit mål at så mange samanslåingar som mogleg skal få tilskot.

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden skal slå seg saman frå 1.1.2020. Kommunane har søkt om midlar til veg og digitaliseringstiltak.

Departementet tildeler totalt 4 mill. kroner. Tilskotet må brukast til tiltak omtalt i søknadane. Kommunane kan sjølv prioritere midlane innanfor tiltaka som er omtalt i søknadane.

Kommunane må sørge for at støtte til breiband følgjer vilkåra i den alminnelege gruppeunntaksordninga, samt anna relevant offentleg regelverk, som innkjøpsregelverk.

Tiltaket må vere ferdig innan 01.01.2020, og kommunane må rapportere til departementet om bruken av midlane innan 31.12.2020. Kommunerevisjonen må då stadfeste at midlane er brukt til føremålet. All finansiell rapportering skal vere ekskl. meirverdiavgift. Ubrukte midlar, eller midlar som ikkje er brukt i samsvar med føremålet, kan krevjast tilbakebetalt.

|   |                              |                                       |          |                             |
|---|------------------------------|---------------------------------------|----------|-----------------------------|
| Postadresse   | Kontoradresse                | Telefon*                              | Avdeling | Saksbehandler               |
| Postboks 8112 Dep<br>0032 Oslo<br>postmottak@kmd.dep.no | Akersg. 59<br>www.kmd.dep.no | 22 24 90 90<br>Org no.<br>972 417 858 |          | Jørgen Teslo<br>22 24 72 60 |

Departementet vil betale ut tilskotet til Fjell kommune i september 2017 saman med rammetilskotet.

Med helsing

Hans Petter Friestad Gravidahl (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Kopi

Regionrådet Vest

## Adresseliste

|                  |                 |      |          |
|------------------|-----------------|------|----------|
| Fjell kommune    | Postboks 184    | 5342 | STRAUME  |
| Sund kommune     | Postboks 23     | 5371 | SKOGSVÅG |
| Øygarden kommune | Øygarden rådhus | 5337 | RONG     |



## Nye Øygarden kommune

Vår ref.: 2017/4791 - 23963/2017

Ark.kode:

### Notat

---

## Status for ressursar i prosjekt Nye Øygarden kommune

---

Prosjektleder er tilsett frå 1. september 2017.

100 % prosjektleder

Det vil vere behov for ulike ressursar i fasane av prosjektet Nye Øygarden kommune. Kompetanse innan områda sekretariatstenester og generell saksbehandling er naudsynt for å få til ei god ramme rundt arbeidet som skal gjerast fram mot etableringa av Nye Øygarden kommune. I tillegg er det behov for kompetanse innan områda kommunikasjon og informasjon, samt områda utgreiing og analyse. Status per 20. september er følgjande for desse ressursane i prosjektet (desse ressursane kjem frå Fjell kommune):

80 % sekretariatstenester og generell saksbehandling

50 % kommunikasjon og informasjon

50 % utgreiing og analyse

Frå oktober månad 2017 vil det verte tilført ressursar på området personalforvaltning og omstilling gjennom at kvar av kommunane Fjell, Sund og Øygarden vil frigje sine personalsjefar/stabsleiarar to dagar i veka fram til og med mars månad 2018.

120 % personalforvaltning og omstilling

Frå oktober månad 2017 vil Øygarden kommune tilføre prosjektet ressursar på området generell saksbehandling og planarbeid med 40 %.

40 % generell saksbehandling og planarbeid

Det er ikkje avtalt lengde på ressursbruken, med unntak av personalsjefar/ stabsleiarar som er engasjert ut mars månad 2018. Type ressurs og tidsbruk ressurs vil verte diskutert med kommunane undervegs i prosjektet, og status ressursar vil verte lagt fram for fellesnemnda med jamne mellomrom.

Midlar til frikjøp av ressursar vert tatt frå budsjettet til fellesnemnda.

Paul J. Manger  
Prosjektleder

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

# PROTOKOLL

## Ekstra generalforsamling for Gode Sirklar AS

Det var kalla inn til ekstra generalforsamling for Gode Sirklar AS 26.09.17 klokka 12.00 i Fjell rådhus.

### Dagsorden:

1. Opning av møtet ved Marianne Sandahl Bjørøy, og opptak av fortegnelse over møtande aksjeeigarar.
2. Val av møteleiar og protokollunderskrivarar.
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Godkjenning av bruk av eigenkapital til finansiering av rekneskapen i 2017
5. Finansiering av selskapet fram mot etablering av ny kommune 01.01.2020

Desse var til stades i møtet:

Marianne Sandahl Bjørøy, Kari-Anne Landro, Børge Haugetun, styreleiar GS Tom-Georg Indrevik og dagleg leiar GS Sigmund Kvernes deltok på telefon. I tillegg møte styresekretær GS Lillian Torsvik.

1. **Opning av møtet ved møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy, og opptak av fortegnelse over møtande aksjeeigarar**

Marianne Sandahl Bjørøy opna møtet. Av aksjonærane møtte Fjell kommune ved Marianne Sandahl Bjørøy (50%), Sund kommune ved Kari-Anne Landro (25%) og Øygarden kommune ved Børge Haugetun (25%). Alle selskapets aksjonærar var dermed representert.

2. **Val av møteleiar og protokollunderskrivarar**

Marianne Sandahl Bjørøy vart vald til møteleiar. Til å signera protokoll vart vald Marianne Sandahl Bjørøy, Børge Haugetun og Kari-Anne Landro.

### 3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste. Ekstra Generalforsamling vart erklært for lovleg satt.

### 4. Godkjenning av bruk av egenkapital til finansiering av rekneskopen i 2017


Ekstra Generalforsamling godkjenner at styret kan dekkja eit underskot på inntil 800.000 i 2017 av egenkapitalen.

### 5. Finansiering av selskapet fram mot etablering av ny kommune 01.01.2020

Ekstra Generalforsamling legg til grunn at selskapet skal oppretthalde aktivitetsnivået som er i tråd med vedteken strategi. For å oppretthalda aktivitetsnivået godkjenner Ekstra Generalforsamling at det kan budsjetterast med eit underskot på inntil 900.000 pr. år som kan dekkast av egenkapitalen. Endeleg inndekking av underskot vil verta behandla på årlege ordinære Generalforsamlingar.

Ekstra Generalforsamling ber om at protokollen frå møtet vert sendt kommunestyra i dei respektive eigarkommunane og Fellesnemnda til orientering.

Generalforsamlinga vart heva kl. 12.15

  
Marianne Sandahl Bjørøy

  
Kari-Anne Landro

  
Børge Haugetun



## SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 4/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2019

#### Samandrag av saka:

I tråd med inndelingslova § 15 vert tilskot til dekking av eingongskostnader gjort etter ein standardisert modell. Departementet har utbetalt kroner 35,9 millionar i tilskot til kommunane Fjell, Sund og Øygarden for å dekke eingongskostnader i kommunereforma. Midlane er etter vedtak i førebels fellesnemnd utbetalt til Fjell kommune.

I tillegg til tilskot til eingongskostnader vil kommunane få det ein kallar reformstøtte. Denne støtta vert utbetalt etter innbyggjartal. For kommunane Fjell, Sund og Øygarden er tilskot til reformstøtte kroner 25,6 millionar. Dette tilskotet vert ikkje utbetalt til kommunane før etter samanslåinga i 2020. Det er i utgangspunktet ikkje mogleg å bruke av desse midlane før etter 1. januar 2020.

#### Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Prosjektleiaren vil legge fram eit revidert budsjett i fellesnemnda sitt møte i desember 2017.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiaren

## Dokument vedlagt saka:

Sjå følgjande adresse for meir informasjon om tilskot til kommunereforma:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Hvorfor-kommunereform/Ovrige-tiltak/id759720/>

## Saksopplysningar:

Budsjett for 2017 omfattar midlar brukt av førebels fellesnemnd i første halvdel 2017, inkludert midlar til rekruttering av prosjektleiar. Løn prosjektleiar og frikjøp administrative ressursar frå dei tre kommunane til prosjektet vert fordelt gjennom prosjektperioden.

Det vert anbefalt at budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Tilskot til eingongskostnader vert foreslått fordelt gjennom prosjektperioden på denne måten:

|  | 2016/2017        | 2018              | 2019              |
|--|------------------|-------------------|-------------------|
| 1. Personressursar i prosjektet                | 1 600 000        | 5 200 000         | 4 500 000         |
| 2. Driftskostnader organisasjon                | 400 000          | 1 500 000         | 1 500 000         |
| 3. Digitalisering                              | 800 000          | 1 200 000         | 1 200 000         |
| 4. IKT-drift / infrastruktur                   | 500 000          | 3 500 000         | 3 500 000         |
| 5. Juridisk kompetanse                         | 100 000          | 900 000           | 900 000           |
| 6. Deltaking i arbeidsgrupper for tillitsvalde | 200 000          | 500 000           | 300 000           |
| 7. Disposisjon for fellesnemnda                | 600 000          | 4 000 000         | 3 000 000         |
|  |                  |                   |                   |
| <b>Sum</b>                                     | <b>4 200 000</b> | <b>16 800 000</b> | <b>14 900 000</b> |

Nærare om dei ulike budsjettpostane:

- 1) Tilsvarar om lag 3,8 årsverk i 2017, om lag 4,3 årsverk i 2018 og om lag 4,0 årsverk i 2019. Prosjektleiar si løn er inkludert i desse tala. For meir detaljert informasjon om status per i dag, sjå orienteringssak om personressursar i prosjektet.
- 2) Driftskostnader organisasjon vil vere kostnader utanom løn knytt til personressursar i prosjektet. Det kan m.a. vere reiser til konferansar, sentrale organ (KS/KMD) og andre kommunar, samt innkjøp relatert til det arbeidet som skal utførast i prosjektet.
- 3) Digitalisering vil i tida som kjem skape nye måtar å levere og tilby offentlege tenester på, og vil vere ein viktig drivkraft for å forenkle og forbetre offentleg sektor. KS har utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar. Denne strategien set mål for arbeidet som skal gjerast fram mot 2020. KS har etterspurd kapital frå kommunane for å etablere digitale fellesløysingar, sjå sak om Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS. Lenke til strategi: <http://www.ks.no/fagomrader/utvikling/digitalisering/digitaliseringsstrategien/>
- 4) I dag har dei tre kommunane ulike system og ordningar når det gjeld IKT. Det vil vere naudsynt å bygge opp ein felles infrastruktur og plattform for Nye Øygarden kommune, jf. kartlegging som har vorte utført. Budsjettmidlar vil gå til maskinvare og programvare, samt kompetanseheevande tiltak. Kostnader til personressursar vert dekkja gjennom budsjettpost 1.

- 5) På fleire område vil det vere behov for juridisk kompetanse undervegs i prosessen. Innkjøp av juridisk kompetanse vil verte vurdert i kvart enkelt tilfelle som er til vurdering.
- 6) Tillitsvalde vil ha ein viktig funksjon i prosessen fram mot samanslåing. Budsjettposten er knytt til dei tillitsvalde som vil ta del i ulike arbeidsgrupper som vil verte oppretta i den vidare prosessen.
- 7) Fellesnemnda vil ha behov for ein budsjettpost til bruk for ulike tiltak i samanslåingsprosessen. Det kan vere tilskot av ulik art, arrangement og samlingar, samt kompetanse- og kunnskapsutvikling.

**Vurdering:**

Frå prosjektleiar si side er det viktig å peike på at dette ikkje er eit ordinært framlegg til budsjett. Anslaga i framlegget er låge på dei ulike postane. På noverande tidspunkt er det ikkje mogleg å fastlegge kostnader i detalj. Flexibilitet mellom budsjettpostane er naudsynt, og budsjettet vil verte oppdatert kontinuerleg. Prosjektleiar ber om å få legge fram revidert budsjett på fellesnemnda sitt møte i desember 2017.



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 5/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Møteplan for fellesnemnda hausten 2017

#### Samandrag av saka:

Som hovudregel vert møta for fellesnemnda haldne på måndagar i tidsrommet kl. 09:00 – kl. 12:00. Møtestad vert Nye Øygarden kommune, Skjenet 2, møterom i andre etasje.

#### Framlegg til møtedatoar hausten 2017:

**Måndag 2. oktober**

**Måndag 30. oktober.**

**Måndag 20. november**

**Måndag 11. desember**

#### Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til møteplan for hausten 2017.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 6/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemmer av fellesnemnda

#### Samandrag av saka:

Fellesnemnda skal i denne saka gjere vedtak om utbetaling av godtgjersle for medlemmer og møtande varamedlemmer som deltek i møta til fellesnemnda og det partssamansette utvalet. Det same gjeld for tapt arbeidsforteneste. For tillitsvalde gjeld frikjøpsordning.

Det vert føreslått ein godtgjerslesats på kr. 1.250. Summen er basert på ei vurdering av godtgjerslesatsane i dei tre kommunane og to samanliknbare reformkommunar, og legg seg ein stad i mellom. Satsen er også den same som vert nytta i Øygarden kommune for kommunestyremøte m.fl. Folkevalde med fast årleg godtgjersle/løn får ikkje godtgjersle pr. møte i tillegg (t.d. ordførarar).

Det er estimert ein totalkostnad for møtegodtgjersle på kr. 722.500 basert på 17 møte i heile prosjektperioden. Kostnad pr. møte er rekna til kr. 42.500,- (= eitt i fellesnemnda og eitt i det partssamansette utvalet i forkant, med 17 medlemmer i kvart). Tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg.

Kostnadane med møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i samband møte i fellesnemnda og det partssamansette utvalet, skal dekkast av prosjektmidlane. Den enkelte kommune må utbetale godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til sine representantar i samsvar med egne reglement, og sende refusjonskrav til prosjektleiar.

#### Innstilling:

1. Det vert utbetalt møtegodtgjersle på kr. 1.250,- til møtande folkevalde i fellesnemnda og partssamansett utval.
2. Tapt arbeidsforteneste for folkevalde i samband med møta vert utbetalt i samsvar med kommunane sine egne reglement.
3. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal utbetalast av den respektive kommune og dekkast av prosjektmidlane gjennom ei refusjonsordning.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

### **Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

### **Saksopplysningar:**

Fellesnemnda skal i denne saka gjere vedtak om utbetaling av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for folkevalde som er medlemmer i fellesnemnda og det partssamansette utvalet. Saka gjeld ikkje for tillitsvalde, då deira løn vil bli dekkja av frikjøpsordningar (sjå også budsjettsak om midlar avsett til frikjøp).

### ***Godtgjerslesats og estimert totalkostnad***

For å komme fram til eit forslag til felles godtgjerslesats er det sett på kva sats som pr. i dag vert nytta for kommunestyra i alle tre kommunane. Fjell og Sund kommunar har same godtgjerslesats for sine folkevalde i kommunestyret; 2 o/oo av ordføraren si godtgjersle (som er 92 % av stortingsrepresentantane si løn). Det vil igjen seie kr. 1.670,- pr. møte før lønsjustering pr. juni 2017. Øygarden har ein fast godtgjerslesats på kr. 1.250 pr. møte. Det er også sett på to andre samanliknbare reformkommunar; *nye Færder kommune* og *nye Holmestrand kommune*. Der har dei gjort vedtak om ein godtgjerslesats for fellesnemnda på høvesvis kr. 895 og 822 pr. møte.

Det vert foreslått å legge seg på ein godtgjerslesats mellom lågaste og høgaste, som tilsvarar Øygarden sin sats. Kostanden for møtegodtgjersle vil då utgjere kr. 42.500 pr. møte (= eitt i fellesnemnda og eitt i det partssamansette utvalet i forkant). Summen føreset at det er 17 medlemmer i fellesnemnda og tilsvarande i det partssamansette utvalet (ikkje medrekna dei tillitsvalde). Ved ca. 11 møte i dei kommande 12 månadane, vert det ein kostnad på omlag kr. 467.500 for dette første året. Det vert truleg noko færre møte i den resterande prosjektperioden. Eit realistisk tal kan vere 6 møte. Ein totalsum på omlag 17 møte i heile prosjektperioden vil gje ein estimert totalkostnad på kr. 722.500. Tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg.

### ***Unnatak***

Folkevalde som har fast årleg godtgjersle/løn/frikjøp (t.d. ordførarar) får ikkje godtgjersle pr. møte i tillegg. Det samsvarar med kommunane sin gjeldande reglement.

### ***Kostnadsdekning***

For *førebuande* fellesnemnd vart det avtalt at møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste skulle utbetalast og dekkast av den enkelte kommune. Når det no er etablert ei endeleg fellesnemnd så vil det vere naturleg at kostnadane til utbetaling av godtgjersle og tapt arbeidsforteneste vert dekkja av prosjektmidlane.

### ***Praktisk gjennomføring***

Av praktiske omsyn vil det vere nødvendig at den enkelte kommune tek ansvar for utbetaling av godtgjersle og tapt arbeidsforteneste for sine folkevalde. Refusjonskrav vert sendt til prosjektleder. Intervall for utbetaling av møtegodtgjersle føl den enkelte kommune sin ordinere rutinar.





## SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 7/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Oppnemning av partssamansett utval og møteplan for partssamansett utval hausten 2017

#### Samandrag av saka:

**Partssamansett utval skal ha medlemmer frå fellesnemnda og dei tillitsvalde. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal gje uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med etableringa av Nye Øygarden kommune.**

#### Innstilling:

1. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå fellesnemnda:

.....  
 .....  
 .....  
 .....  
 .....  
 .....  
 .....  
 .....

2. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå dei tillitsvalde:

Fjell kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Nina Zandstra

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Bodil Aleksandersen

Varamedlem: .....

Sund kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Cathrine Olsen

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Hildegunn Høyland

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald May Britt Hansen

Øygarden kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Solveig D. Rong

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald Anne Grethe Andersen

3. Framlegg til møteplan hausten 2017 for partssamansett utval:

Onsdag 8. november kl 09.00 - 11.00

Onsdag 29. november kl 09.00 - 11.00

Møtestad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger

prosjektleder

#### **Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

#### **Saksopplysningar:**

Partssamansett utval skal ha medlemmer frå fellesnemnda og dei tillitsvalde. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal gje uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med etableringa av Nye Øygarden kommune.

Tillitsvalde i dei tre kommunane har kome med namn på kandidatar til fellesnemnda.

#### **Vurdering:**

Prosjektleder tilrår at ein får på plass ein møteplan for partsamansett utval. Det må vurderast korleis behovet for møte er i oppstart av prosjektet, sjå dette i forhold til sakliste for møte i fellesnemnda.



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 8/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Politisk organisering av Nye Øygarden kommune, utval som skal oppnemnst i prosessen

#### Samandrag av saka:

**I prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune vil det vere behov for ein gjennomgang av den politiske utvalsstrukturen som skal vere i den nye kommunen.**

**Eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen, inkludert delegasjonsreglement, for Nye Øygarden kommune vert foreslått oppnemnt. Vidare vert det foreslått å oppnemne eit utval som går gjennom eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune.**

#### Innstilling:

1. Fellesnemnda oppnemner eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen i prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune. Utvalet vil òg foreslå delegasjonsreglement for Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiaren sin stab vil vere sekretariat for utvalet.
2. Fellesnemnda oppnemner eit utval som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiaren sin stab vil vere sekretariat for utvalet.
3. Fellesnemnda oppnemner leiaren, medlemmar og varamedlemmer i utval for politisk styringsstruktur:
  1. Medlem.....varamedlem.....
  2. Medlem.....varamedlem.....
  3. Medlem.....varamedlem.....
  4. Medlem.....varamedlem.....
  5. Medlem.....varamedlem.....

6. Medlem.....varamedlem.....  
7. Medlem.....varamedlem.....

Leiar for utval for politisk styringsstruktur vert: .....

4. Fellesnemnda oppnemner leiar, medlemmar og varamedlemmer til utval for eigarskap:

1. Medlem.....varamedlem.....  
2. Medlem.....varamedlem.....  
3. Medlem.....varamedlem.....  
4. Medlem.....varamedlem.....  
5. Medlem.....varamedlem.....

Leiar for utval for eigarskap vert: .....

Fellesnemnda ber om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for dei to utvala.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiar

**Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

**Saksopplysningar:**

I prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune vil det vere behov for ein gjennomgang av den politiske utvalsstrukturen som skal vere i den samanslåtte kommunen.

Eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen, inkludert delegasjonsreglement, for Nye Øygarden kommune vert foreslått oppnemnt. Vidare vert det foreslått å oppnemne eit utval som går gjennom eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune.

Utvalet som skal gå gjennom den politiske styringsstrukturen skal ha 7 medlemmer, 3 frå Fjell kommune, 2 frå Sund kommune og 2 frå Øygarden kommune, alle med tilhøyrande varamedlemmer.

Utvalet som ser på eigarskap skal ha 5 medlemmer, 2 frå Fjell kommune, 1 frå Sund kommune og 1 frå Øygarden kommune, alle med tilhøyrande varamedlemmer.

Begge utvala skal rapportere til fellesnemnda, og prosjektleiar sin stab vil vere sekretariat for begge utvala.

**Vurdering:**

Prosjektleiar tilrår at utvala vert oppnemnt no og ser det som naturleg at dette vert følgt opp med utkast til mandat for utvala, som vert presentert i neste møte i fellesnemnda.



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 9/17        | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### **Prosjektmandat for arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune, inkl. utkast til milepelsplan**

#### **Samandrag av saka:**

Førebels fellesnemnd tilsette i juni 2017 prosjektleiar for arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune. Prosjektleiaren tok til i arbeidet 1.september. I samsvar med måten ein har arbeidd på i prosessen med å etablere den nye storkommunen, er det også naturleg at fellesnemnda fastset kva mandat som skal ligge til grunn for partane i det vidare arbeidet.

Denne saka inneheld også ei skisse over viktige milepelar ein ser føre seg i den vidare prosessen. Skissa er førebels og vil verte utvikla vidare etter som prosjektet tek form. Utkastet som ligg til grunn i saka, er dels basert på grunnlagsdokument og politiske vedtak ein har gjort tidlegare i prosessen, men også på nye framlegg frå den administrative prosjektleiinga.

Prosjektleiaren rår til at fellesnemnda vedtek framlegg til prosjektmandat slik det ligg føre i saka. Han rår også til at ein legg framlegget til førebels milepelsplan til grunn og at dette vil verte utvikla vidare i samarbeid med prosjektleiinga.

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda vedtek framlagte mandat for det vidare arbeidet med å skipa Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda tek prosjektleiaren si førebelse skisse til milepelsplan til orientering, og føreset at prosjektleiaren utviklar og oppdaterer denne i forståing med fellesnemnda.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiar

**Dokument vedlagt saka:**

- Framlegg til prosjektmandat
- Førebels skisse til konsept for milepelsplan

**Saksopplysningar:**

Førebels fellesnemnd tilsette i juni 2017 prosjektleiar for arbeidet med å etablera Nye Øygarden kommune. Prosjektleiaren tok til i arbeidet 1.september. I samsvar med måten ein har arbeidd på i prosessen med å etablera den nye storkommunen, er det også naturleg at fellesnemnda fastset kva mandat som skal ligge til grunn for partane i det vidare arbeidet.

Prosjektleiaren har utarbeidd eit framlegg til slikt mandat som er vedlagt saka. Det er i stor grad basert på grunnlagsdokument som er laga og vedteke tidlegare i arbeidet med å skipa den nye storkommunen, t.d. Reglement for fellesnemnda og Mandat for prosjektleiaren.

Denne saka inneheld også ei førebels skisse eller ramme for ein milepelsplan. Konseptet er høgst førebels, og vil verte utvikla vidare i prosessen. I denne saka har ein berre vist ein ide om kva form ein slik plan kan ha, og illustrert innhaldet med ein del viktige og tidlege milepelar i prosjektet.

**Vurdering:**

Arbeidet med å slå saman Øygarden, Sund og Fjell inneheld ei rekke styringsdokument og politiske vedtak. Desse inneheld igjen ei rekke konkrete føringar som er relevante og kan nyttast i arbeidet med å skipa eit mandat for prosjektet også i denne fasen. Prosjektleiaren har prioritert å fremje eit utkast som er enklast og tydelegast mogleg slik han ser det, og rår til at fellesnemnda vedtek det slik det ligg føre i saka.

Prosjektleiar har også vald å presentere ei høgst førebels skisse til milepelsplan for prosjektet. For å gjere det enklast mogleg er det delt opp i kvartalsvise bolkar, noko som gjer det naturleg med kvartalsvise gjennomgangar og rapportar til fellesnemnda. Prosjektleiar er oppteken av at milepelsplanen får ei form som gjer den til ein tenleg, presis og pedagogisk arbeidsreiskap for samarbeidet mellom aktørane i prosjektet, og ser difor fram til å drøfta dette med fellesnemnda.



## Prosjektmandat

1. Etablere Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020 i samsvar med Inndelingslova, Intensjonsavtalen, stiftingsvedtak i Stortinget og andre vedtak gjort i fellesnemnda og som fellesvedtak i kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden. T.d. Reglement for fellesnemnda.
2. Sikra naudsynte administrative ressursar til å gjennomføre dei aktuelle arbeidsoppgåvene i samsvar med styringsdokumenta nemnt i pkt.1. Prosjektleiari skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektadministrasjonen skal også samarbeide aktivt med rådmenn, tillitsvalde og andre sentrale personar i Fjell, Sund og Øygarden der dette er naturleg og tenleg.
3. Etablere dei politiske fora og organ (arbeidsutval/-grupper o.l.) som er naudsynte for å sikra at etableringa av den nye kommunen vert gjort i samsvar med føresetnadene. Desse skal vere underlagt fellesnemnda og rapportere til denne. Prosjektadministrasjonen skal ha ansvar for sekretærfunksjonane og anna tenleg og naudsynt administrativ støtte.
4. Legge til grunn vedtekne økonomiske rammer og budsjett.



# MILEPELSPLAN

| Prosjektområde                                     | 2017  |       | 2018  |       |       |       | 2019  |       |       |       |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
|  | 3. kv | 4. kv | 1. kv | 2. kv | 3. kv | 4. kv | 1. kv | 2. kv | 3. kv | 4. kv |
| Vedta organisering av prosjekt Nye Øygarden        |       | (x)   |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Vedta budsjett for prosjektperioden – kontinuerleg |       | (x)   |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Oppnemne utval for politisk organisering           |       | (x)   |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Oppnemne utval for eigarskap                       |       | (x)   |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Vedta mandat for utval for politisk organisering   |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Vedta mandat for utval for eigarskap               |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Vedta milepelsplan – kontinuerleg                  |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Digitalisering                                     |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| IKT og infrastruktur                               |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Fagsystem innkjøp                                  |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Fagsystem helse                                    |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Fagsystem oppvekst                                 |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Fagsystem teknisk                                  |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Fagsystem andre område                             |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Tilsetting rådmann                                 |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Vedta administrativ struktur                       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Internkontroll                                     |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Kvalitetssystem                                    |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Personal og lokalisering av arbeidsplassar         |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Kommuneplan samfunnsdel                            |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Kommuneplan areal                                  |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Andre kommunale planar                             |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |



# MILEPELSPLAN

| Prosjektområde                       | 2017  |       | 2018  |       |       |       | 2019  |       |       |       |
|--------------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
|                                      | 3. kv | 4. kv | 1. kv | 2. kv | 3. kv | 4. kv | 1. kv | 2. kv | 3. kv | 4. kv |
| Kultur                               |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Andre avtaleverk                     |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Byggesak og plan                     |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Matrikkel                            |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
| Investeringar i Nye Øygarden kommune |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |
|                                      |       |       |       |       |       |       |       |       |       |       |

Utkast per 25.09.17

Utkast per 25.09.17



## SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 10/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Prosjektorganisering Nye Øygarden kommune

#### Samandrag av saka:

**Sommaren 2017 gjorde kommunestyra i Fjell, Øygarden og Sund, og likedan Stortinget, vedtak som formelt opna for siste fase i arbeidet med å skipa storkommunen Nye Øygarden kommune. Ein går no inn i ein siste fase av førebuingane for å sikra at den nye kommunen får ein best mogleg start når den formelt trer i funksjon 1.januar 2020.**

**At dette arbeidet skal verte vellukka, avheng mellom anna av at arbeidet vert best mogleg organisert.**

**Denne saka inneheld framlegg til ein modell for samspelet mellom dei viktigaste aktørane i denne fasen. Modellen er relativ enkelt bygd opp, og viser hovudtrekka og – prinsippa i prosjektet. I si form peikar den tydeleg tilbake på måten ein har organisert arbeidet i tidlegare fasar av arbeidet.**

**Prosjektleiaren rår til at fellesnemnda legg modellen til grunn for det vidare arbeidet med prosjektet.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda legg vedlagte modell for prosjektorganisering av arbeidet med Nye Øygarden kommune til grunn for det vidare arbeidet.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Dokument vedlagt saka:**

- Framlegg til modell for prosjektorganisering av arbeidet med å skipa Nye Øygarden kommune.

**Saksopplysningar:**

Sommaren 2017 gjorde kommunestyra i Fjell, Øygarden og Sund, og likedan Stortinget, vedtak som formelt opna for siste fase i arbeidet med å skipa storkommunen Nye Øygarden kommune. Ein går no inn i ein siste fase av førebuingane for å sikra at den nye kommunen får ein best mogleg start når den formelt trer i funksjon 1.januar 2020.

At dette arbeidet skal verte vellukka, avheng mellom anna av at arbeidet vert best mogleg organisert. I den samanheng vil ein modell som viser dei viktigaste aktørane og hovudlinene i prosjektsamarbeidet vere til nytte.

Det er difor utarbeidd eit framlegg til ein slik modell til vurdering i fellesnemnda. Modellen er relativ enkelt bygd opp, og viser hovudtrekka og –prinsippa i prosjektet. I si form peikar den tydeleg tilbake på måten ein har organisert arbeidet i tidlegare fasar av arbeidet.


**Vurdering:**

So tidleg i prosjektet har ein ikkje fylt innhald i «boksane» for politiske utval og administrative arbeidsgrupper. Dette vil verte gjort løpande etter som prosjektet utviklar seg og naudsynte vedtak i den samanheng vert gjort, og vil sikra at modellen vert ein levande arbeidsreiskap. Dette er m.a. naturleg å sjå i samanheng med utviklinga av milepelsplanen som vert omtalt i eigen sak til fellesnemnda.

Prosjektleiaren rår til at fellesnemnda legg modellen til grunn for det vidare arbeidet med prosjektet, eventuelt med dei tilpassingar som nemnda finn tenleg.



# NYE ØYGARDEN KOMMUNE PROSJEKTORGANISERING





## SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 11/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Direkteoverføring av fellesnemnda sine møte via nett-TV

#### Samandrag av saka:

**Mange kommunar overfører no kommunestyremøta/bystyremøta på nett-TV (streaming). Erfaringane er gode, og programpakken som vert nytta er godt tilpassa saksbehandlingssystema. I intensjonsavtalen for «Vår nye kommune» vedteken i mars 2016 vert det lagt vekt på at innbyggjarane og dei tilsette skal oppleve god medverknad i kommunereformprosessen.**

**Bruk av nett-TV vil vera eitt av fleire bidrag til å nå dette målet. I denne saka vert det foreslått at møta i fellesnemnda vert overførte på nett-TV.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda vedtek at møta i fellesnemnda vert overførte på nett-TV. Prosjektleder vert beden om å gjennomføra etablering av nett-TV basert på det som går fram av saksutgreinga.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

## **Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

## **Saksopplysningar:**

I samband med behandlinga av kommunikasjonsplan fase 2 den 08.12.2016 bad førebuande fellesnemnd (FF) om å få utgreidd spørsmålet om overføring av møta i FF på nett-TV (streaming).

Vi har teke kontakt med to kommunar og ein annan offentleg aktør som overfører kommunestyre og andre møte på nett-TV (streaming). Relativt mange kommunar overfører no kommunestyremøta på nett-TV. Korkje Sund, Fjell eller Øygarden overfører kommunestyra på nett-TV, men Radio Sotra har sendt kommunestyremøta i desse tre kommunane direkte på radio sidan tidleg på 1990-talet.

Basert på informasjon frå dei aktørane vi har teke kontakt med, ser det ut til at investeringskostnadene for streaming vi liggja på om lag 150 - 200 tusen kroner ekskl. mva. Dette omfattar tre kamera, kablar, mikrofonar, miksepult, datamaskin, kraftig skjermkort, integrasjon av saksdokument (t.d. Ephorte, Acos) og montering. Driftskostnadene for programvare etc. er om lag 20-25 tusen kroner i året (ekskl. mva.). I denne prisen ligg «trafikkapasitet» til sjølve overføringa og lagring.

Eit alternativ til å investera i utstyr og sjølv stå for drifta av TV-overføringa av møta i fellesnemnda, er å droppa investeringa og heller kjøpa full distribusjonspakke (leige av utstyr og personell). Ut frå dei opplysningane vi har så langt, vil prisen for distribusjon pr. møte liggja på om lag 15 tusen kroner ekskl. mva.

Austevoll kommune (5 100 innbyggjarar) har overført kommunestyremøta direkte på nett-TV i om lag halvanna år. Deira opplegg for streaming har tre kamera (talarstol, dirigentbordet og salen). Sjøarane kan parallelt klikka seg inn på saksdokumenta og på den måten vera oppdatert med sakene. Dei aller fleste kommunane (til dømes Austevoll kommune) står sjølv for drift av streaming. Større kommunar som Oslo og Bergen kjøper ei pakkeløysing som inkluderer bemanning. Austevoll kommune opplyser at ved eit ordinært kommunestyremøte er det gjerne om lag 50 personar som følgjer møtet direkte. Talet på unike brukarar ligg gjerne rundt 200. Kristiansand kommune (137 000 innbyggjarar) overfører også bystyremøta på nett-TV. Erfaringa frå begge kommunane er gode, og servicen frå leverandøren er god.

Med tre kamera kan altså brukaren veksla mellom dirigentbordet, salen og talarstolen. Sakslista følgjer sakene etter kvart som møtet skrir fram, og det er enkelt å henta ut saksutgreiinga og saksdokument. Møta vert lagra på nettsida, og det mogleg å navigera seg fram til tidlegare møte og debatt om enkeltsaker. Det er lagt til rette for at heile eller delar av møtet kan delast på nettet.

Det er mogleg å kjøpa «ferdig pakke» inklusive personell, men dei fleste nyttar eigne tilsette for å gjennomføra streaming. Det er etter måten enkelt for eigne tilsette i kommunen å handtera eit fast montert opplegg for overføring av møta på nett-TV. Det må setjast av ein time i forkant av møtet og ein time i etterkant. Løysinga er godt tilpassa bruk av permanent lokale. Det er også mogleg å flytta utstyret til anna lokale, men tilpassing til lokale, rigging og god nett-tilgang, krev ekstra tid og ressursar.

På bakgrunn av dette, kan ein sjå for seg tre løysingar for å overføra møta i fellesnemnda på nett-TV.

### *1. Kjøp av full distribusjonspakke*

Med dette alternativet slepp ein investeringskostnader. Med ein profesjonell distributør, vil ein få på plass ei robust løysing og minimalt med tekniske feil. Dette alternativet medfører altså ikkje investeringskostnader, men etter måten høge driftskostnader (om lag 15 tusen kroner pr. møte).

### *2. Innkjøp av eige utstyr og kjøp av «personell»*

Denne løysinga inneber investeringar på 150 – 200 tusen kroner og årleg om lag 20-25 tusen kroner i programvare. I tillegg kjem kostnader med bemanning for streaming av kvart møte.

### *3. Innkjøp av eige utstyr og eigen drift*

Dette er på sikt det rimelegaste alternativet og kan fungera godt ved eitt fast lokale.

## **Vurdering:**

Fellesnemna har eit vesentleg større mandat enn den førebuande fellesnemnda. Difor kan vi leggja til grunn at interessa for arbeidet med kommunereforma vil auka blant innbyggjarane, dei tilsette og andre når fellesnemnda startar med møta sine frå oktober 2017.

Nettsida «Vår nye kommune» skal utviklast vidare både det når det gjeld innhald og grafisk utforming. I tillegg til eksisteande kanalar, vil overføring av møta i fellesnemnda på nett-TV bidra til at fleire vert kjent med kommunereformarbeidet. I intensjonsavtalen vert det lagt vekt på at ein gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal sikra at alle får god informasjon og vert høyrte om den pågåande reformprosessen.

Bruk av nett-TV vil vera eitt av fleire bidrag til å nå dette målet. Innanfor dei økonomiske og tekniske rammene som er skisserte ovanfor, vert det konkludert med at det kan leggjast til rette for å overføra møta i fellesnemnda på nett-TV. Etter behov kan også andre møte/samlingar streamast.

Prosjektleiaren er av den oppfatning at kjøp av utstyr og eigen drift vil vera den beste løysinga økonomisk og praktisk.



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 12/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd

#### Samandrag av saka:

**Dei kyrkjelege fellesråda i kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1. januar 2020. Fellesråda har starta denne prosessen.**

**I retningslinene for kyrkjeleg fellesnemnd er det lagt opp til at fellesnemnda for Nye Øygarden kommune peiker ut éin av sine medlemmer til å vere representant i den kyrkjelege fellesnemnda.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda oppnemner ..... til representant i den kyrkjelege fellesnemnda.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiar



# DEN NORSKE KYRKJA

Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kommunal fellesnemnd  
ved leiar i førebuande fellesnemnd  
ordførar Marianne Bjørøy

Dato: 27.06.2017

Vår ref: 17/00024-9

Dykkar ref:

## Utpeiking av kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd - Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelege fellesråd

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman med verknad frå 1.1.2020.

Dette betyr at også dei kyrkjelege fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå same dato. Fellesråda har starta denne prosessen.

I retningslinene for **kyrkjeleg fellesnemnd** er det lagt opp til at den kommunale fellesnemnda peikar ut ein (1) av sine medlemmer til å sitja i den kyrkjelege fellesnemnda.

Kyrkjeleg fellesnemnd skal ha sitt første møte **onsdag 30. august 2017 kl. 18.00**.

Me melder inn behovet no for utpeiking av ein kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd, slik at ein ikkje kjem på etterskot med dette. Tilhøvet mellom kommune og kyrkje er viktig i prosessen som begge partar skal gjennom.

Med helsing

Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje i Fjell og Øygarden  
For fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 13/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### MOT Fest i Vest 2018

#### Samandrag av saka:

**MOT ønskjer å følgje opp suksessen frå 2015 og planlegg eit arrangement i 2018 der ungdom får utfordre seg sjølv, og oppleve meistring og glede. MOT byggjer bruer mellom folk. I kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det vore eit samarbeid mellom ungdom og vaksne. Erfaringa er at det å samarbeide på tvers av kommunane fungerer godt. Det sentrale i MOT-arbeidet er å skape ein arena der ungdommar frå dei tre kommunane får byggje bruer mellom kvarandre.**

**MOT har oversendt ei skisse for arrangementet i 2018 og vil kome tilbake med detaljar seinare. Sjå vedlegg for skisse som viser utkast budsjett med overslag for ulike aktivitetar og tiltak.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda ser arrangementet MOT Fest i Vest 2018 som eit arrangement som er viktig og sentralt for kommunane Fjell, Sund og Øygarden å støtte opp om. Innrettinga på den økonomiske støtta vil kommunane og fellesnemnda ta standpunkt til når MOT kjem med eit detaljert program og budsjett for det som skal skje i 2018.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Dokument vedlagt saka:**

Udatert notat frå MOT.

**Saksopplysningar:**

MOT ønskjer å følgje opp suksessen frå 2015 og planlegg eit arrangement i 2018 der ungdom får utfordre seg sjølv, og oppleve meistring og glede. MOT byggjer bruer mellom folk. I kommunane Fjell, Sund og Øygarden har det vore eit samarbeid mellom ungdom og vaksne. Erfaringa er at det å samarbeide på tvers av kommunane fungerer godt. Det sentrale i MOT-arbeidet er å skape ein arena der ungdommar frå dei tre kommunane får byggje bruer mellom kvarandre.

**Vurdering:**

Prosjektlear legg saka fram til fellesnemnda for vurdering. Innretting av støtte til arrangementet bør gjerast når program og budsjett vert framlagt. Prosjektlear er av den oppfatning av arrangement av denne art bør dimensjonrast på ein slik måte at dette er gratisarrangement.

# MOT FEST I VEST 15.- 17. juni 2018

Alternativ dato: måndag 30. april – tysdag 1.mai (Natt til første mai arrangement)

## KVAR:

Fredag 15. juni: Sartor Storsenter (Nattåpent + "White Party")

Laurdag 16. juni: Sotra Arena

Søndag 17.juni: Sotra Arena

## OM:

Det er på tide å gjenta suksessen frå 2015. Vi meiner at dette er eit arrangement region vest treng. Vi skapar ein arena der ungdom får utfordra seg sjølv, oppleve meistring og glede. Det er noko med å våge å bruke ei stor scene med lyd og lys til våre ungdommar, ei scene som eigentleg har ein pris og ein størrelse som tilseier at det er meint for dei store stjernene. Så må vi bere hugse at det er ungdommane våre som *er* dei store stjernene – det fekk vi sjå i 2015.

MOT byggjer bruer mellom folk. Dette har vore eit samarbeid mellom ungdom og vaksne i Fjell, Sund og Øygarden. Vi har erfart at å samarbeide på tvers av kommunane fungerer godt. Vi skapte og ein arena der ungdommane frå dei tre kommunane fekk byggje bruer mellom kvarandre. Slike tilbud til ungdommen treng vi.

Vi kjem tilbake med detaljane.

## BUDSJETT UT:

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Lyd, lys og scene + produksjon</b>   | 200 000,- |
| <b>Artistar</b><br>Artishonorar<br>Reise  | 250 000,- |
| <b>Musikarar til lokale artistar/ungdommar</b><br>Honorar for øvingar med ungdom i forkant + konsert<br>Reiseutgifter | 100 000,- |
| <b>Mat</b><br>Backstagemat<br>Mat til ungdom<br>Mat til frivillige<br>Mat på møter i forkant                          | 20 000,-  |
| <b>Rekvisita/marknadsføring</b><br>Plakatar<br>Band<br>Diverse utstyr   | 20 000,-  |
| <b>Buss</b><br>Gratis buss heim til alle ungdommane   | 40 000,-  |

|  |                  |
|--|------------------|
| <b>Utstyr til aktivitetshall</b><br>Aktivitatar for ungdom som ikkje spiller fotball | 50 000,-         |
| <b>Fotballturnering</b><br>Leie av fotballhall                                       | 15 000,-         |
| <b>Premiering</b>  | 15 000,-         |
| <b>Diverse</b>   | 20 000,-         |
| <b>Løn</b><br>Vikarløn for maks tre personar per kommune                             | 100 000,-        |
| <b>TOTALT</b>  | <b>830 000,-</b> |

#### **BUDSJETT INN:**

|   |                  |
|---|------------------|
| <b>Sponsorinntekter</b>   | 300 000,-        |
| <b>Bidrag frå kommunane/regionrådet</b>   | 430 000,-        |
| <b>Billettinntekter</b><br>Symbolsk sum på 100kr per billett<br>100kr x 1000 deltakarar | 100 000,-        |
| <b>TOTALT</b>   | <b>830 000,-</b> |



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 14/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS

#### Samandrag av saka:

**Kommunesektoren sin organisasjon (KS) har utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar. Dei har sendt ein invitasjon til alle medlemmer om å delta i ei finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt.**

**Digitalisering vil i framtida skape nye måtar å levere og tilby offentlege tenester på, og vil vere ein viktig drivkraft for å forenkle og forbetre offentleg sektor.**

**KS har etterspurd kapital frå kommunane for å etablere digitale fellesløysingar. Bidrag skal baserast på innbyggartal. I første omgang inviterer KS alle kommunar om å delta med eit eingongsbeløp på 20 kroner per innbyggjar. Formål med ordninga er å utvikle felles digitale løysingar for kommunal sektor. Ved å delta i ordninga vil ein få tilgang til alle løysingar som vert utvikla gjennom ordninga.**

**Fellesnemnda vert tilrådd å løyve inntil kroner 800 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS.**

#### Innstilling:

Fellesnemnda løyver inntil kroner 800 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS, ref. invitasjon i vedlagte brev.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Dokument vedlagt saka:**

- Brev frå KS – Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter

**Saksopplysningar:**

Digitalisering vil i tida som kjem skape nye måtar å levere og tilby offentlege tenester på, og vil vere ein viktig drivkraft for å forenkle og forbetre offentleg sektor. Kommunesektoren sin organisasjon (KS) har utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar. Denne strategien set mål for arbeidet som skal gjerast fram mot 2020. KS har i brev av 8.9.2017 (vedlegg) invitert medlemmane til å delta i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjektet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at dei vil kunne bidra med 125 millionar kroner over to år, under føresetnad av at kommunal sektor bidrar med minst same sum. KS vil bidra med inntil 40 millionar kroner. Storbynettverket og dei ti største kommunane har signalisert at dei vil bidra med til saman 35 millionar kroner.

KS har etterspurd kapital frå kommunane for å etablere digitale fellesløysingar. Bidrag skal baserast på innbyggartal. I første omgang inviterer KS alle kommunar om å delta med eit eingongsbeløp på 20 kroner per innbyggjar.

Formål med ordninga er å utvikle felles digitale løysingar for kommunal sektor. Ved å delta i ordninga vil ein få tilgang til alle løysingar som vert utvikla gjennom ordninga. Når ordninga er etablert skal den vere sjølvfinansierande. Sjå brev av 8.9.2017 for meir informasjon om ordninga.



Til alle KS' medlemmer

Vår referanse: 17/00985-5  
Arkivkode: 0  
Saksbehandler: Line Richardsen  
Deres referanse:  
Dato: 08.09.2017

## Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter

Digitaliseringsstrategien<sup>1</sup> setter retning og mål for KS' og kommunenes og fylkeskommunenes arbeid frem mot 2020. Helt avgjørende for å nå målene om økt digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordner innsatsen. Et viktig delmål for en mer samordnet kommunal sektor er å etablere digitale fellesløsninger. Å finansiere disse er hovedformålet med den nye finansieringsordningen.

Sammen med KommIT-rådet har KS det siste halvåret arbeidet med å få på plass en slik finansieringsordning. Hovedstyret<sup>2</sup> i KS har gitt sin tilslutning til å invitere alle kommuner og fylkeskommuner til bidra med et engangsbeløp. Saken ble behandlet 15. august. Finansieringsordningen er også behandlet i fylkesrådmannskollegiet og en rekke fylkesstyres og rådmannsutvalg<sup>3</sup>.

Det har vært og er en god dialog om ordningen mellom kommunal sektor og staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at de vil bidra med 125 millioner kroner fordelt over to år, forutsatt at kommunal sektor bidrar med minst like mye. KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner. Storbynettverket og de ti største kommunene har signalisert at de vil bidra med til sammen 35 millioner kroner.

For å etablere ordningen, og for å utløse midlene fra KMD, er det nødvendig at vi reiser tilstrekkelig kapital. KS inviterer derfor alle sine medlemmer til å delta med et engangsbeløp på henholdsvis 20 kroner per innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner. Hvis alle kommuner og fylkeskommuner blir med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner.

### Hvorfor bør din kommune bli med?

Formålet med ordningen er å utvikle flere nye felles digitale løsninger for kommunal sektor. Ved å utvikle løsninger sammen, får vi bedre kvalitet og lavere pris på det som utvikles. En annen fordel er at mange vil stå sammen om videreutviklingen og forvaltningen, noe som vil forlenge levetiden til løsningene.

Dette er også en mulighet for kommunal sektor å vise at vi står sammen om digitalisering, og at vi fremover vil ta en ny og sterkere rolle i samarbeidet med leverandører og staten. Vi er avhengige av at flest mulig bidrar med engangssummen neste år for å utløse alle midlene fra KMD. Det vil gi ordningen nødvendig kapital slik at den blir kraftfull og bærekraftig.

Når din kommune har bidratt med engangssummen, vil dere få tilgang til alle løsningene som blir utviklet gjennom ordningen. Det er opp til hver enkelt hvilke løsninger man vil ta i bruk.

<sup>1</sup> Lenke til [Digitaliseringsstrategien for kommuner og fylkeskommuner](#)

<sup>2</sup> Lenke til [Sak 17/39 Finansiering og organisering av felles kommunale digitaliseringsprosjekter](#)

<sup>3</sup> Lenke til [Saksunderlaget til fylkesvise rådmannsutvalg, fylkesstyres og fylkesrådmannskollegiet](#)

### **Hvordan fungerer ordningen?**

Når ordningen er etablert, skal den være selvfinansierende. Det vil si at utbetalinger fra finansieringsordningen til felles kommunale digitaliseringsprosjekter skal tilbakeføres når løsningene tas i bruk. De kommunene og fylkeskommunene som tar løsningen i bruk, vil dele på denne kostnaden. På denne måten fordeles finansieringsansvaret og -byrden på et fellesskap, samtidig som det opprettholdes kapital i finansieringsordningen til utvikling av nye felle-løsninger.

Tildelingen fra KMD forutsetter at ordningen følger disse overordnede prinsippene:

- Ordningen skal finansiere utviklingen av felles digitaliseringsprosjekter i kommunal sektor.
- Ordningen skal forvaltes av KS.
- Prosjekter som kvalifiserer til ordningen, vil behandles og prioriteres av KommIT-rådet og skal være til nytte for alle kommuner og/eller fylkeskommuner.
- Utviklingskostnadene som ordningen finansierer, skal tilbakebetales når løsningene tas i bruk.
- Ordningen skal være selvfinansierende og bærekraftig etter selve etableringen.
- Løsninger som er utviklet med finansiering fra ordningen, kan kun tas i bruk av kommuner og fylkeskommuner som har bidratt med et engangsbeløp.

Målet er at ordningen skal være på plass i løpet av høsten og virke fullt ut i 2018, og vi er i gang med å utrede hvordan den skal fungere i praksis. Dette skjer i samarbeid med fagpersoner og rådmenn fra både fylkeskommuner og små og store kommuner.

Det samlede finansielle behovet etter 2017/2018 er i dag vanskelig å anslå. Derfor vil KS, sammen med medlemmene og KommIT-rådet, gjennomføre årlige vurderinger og evalueringer av ordningen. I tillegg vil KS opprettholde et interessepolitisk trykk mot staten for å sikre statlig medvirkning og utvikling av virkemidler som sikrer økt gjennomføringskraft og styrket digitalisering i hele offentlig sektor. Et mer detaljert prinsippnotat<sup>4</sup> for ordningen er vedlagt.

### **Vi ber om tilbakemelding innen 20. desember**

Jo flere kommuner og fylkeskommuner som deltar, jo bedre vil ordningen fungere og gi resultater for den enkelte kommune og sektoren vår samlet. Vi håper derfor at din kommune vil gå inn med den nødvendige startkapitalen. Vi antar og er forberedt på at de aller fleste må ta beslutningen om å delta i ordningen i løpet av høsten, slik at engangssummen kan legges inn i budsjettet for 2018.

Vi ber dere om å behandle saken så snart som mulig, senest innen 20. desember, og gi oss en tilbakemelding til [hallvard.hoen@ks.no](mailto:hallvard.hoen@ks.no) når dere har gjort endelig vedtak.

### **Har dere innspill?**

Dersom du eller noen andre i din kommune trenger mer informasjon, har innspill eller ønsker å bidra i arbeidet, ta gjerne kontakt med oss på e-post [hallvard.hoen@ks.no](mailto:hallvard.hoen@ks.no).

Med hilsen

Gunn Marit Helgesen  
Styreleder

Lasse Hansen  
Administrerende direktør

---

<sup>4</sup> Lenke til [prinsippnotat](#)



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 15/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

### **Lokalisering av prosjektstab for etablering av Nye Øygarden kommune**

#### **Samandrag av saka:**

**Saka gjeld lokalisering av prosjektleiar og hans stab, i Vestnytt bygget på Skjenet 2 på Straume. Lokala er og eigna som møtelokale for fellesnemnda sine møter.**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda godkjenner at prosjektleiar og hans stab er lokalisert i Vestnytt bygget, Skjenet 2 på Straume.
2. Fellesnemnda sluttar seg til at fellesnemnda sine møte og andre møte i regi av prosjektet, vert lokalisert til Skjenet 2.
3. Fellesnemnda tek til orientering at Fjell kommune ikkje krev dekking av husleige frå prosjektet.

Straume, den 28.09.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiar

**Dokument vedlagt saka:**

Ingen.

**Saksopplysningar:**

Kvar prosjektstaben for etablering av nye Øygarden kommune skal vera lokalisert, vart ikkje avklart av Førebuande fellesnemnd. I kommunestyremøte 21. juni 2017 vart det gjort formelle vedtak i dei tre kommunane, mellom anna om etablering av fellesnemnd. Det var ikkje planlagt møte i fellesnemnda før etter at prosjektleiar var på plass i stillinga, første møte er 2. oktober 2017.

Fjell kommune eig Vestnytt bygget på Skjenet 2. I dette bygget er det både ledige kontor og møterom i 2. høgda i bygget. Vest Nytt og Fjell bustadstifting held til i 1. høgda.

Prosjektleiar tok til i stillinga 1. september og hadde same dag møte med dei tre ordførarane og dei tre rådmenna. I møtet kom det forslag om at prosjektleiar og hans stab kan lokaliserast i 2. høgda i Vestnytt bygget på Skjenet 2. Både ordførarar, rådmenn og prosjektleiar samtykka i lokaliseringa og etter møtet vart ordførarar og rådmenn, saman med prosjektleiar, invitert til å vera med på synfaring i bygget. Ordførar i Fjell, ordførar i Sund, rådmannen i Øygarden og prosjektleiar deltok på synfaringa og sa seg nøgd med lokala til dette formålet.

Fordelar med lokalisering i bygget på Skjenet 2:

- Lokalisering ligg utanfor rådhusa i dei tre kommunane
- Lokaliseringa er sentralt plassert i forhold til offentleg transport og avstand til Sund og Øygarden
- Det er gode parkeringstillhøve utanfor bygget
- Gode lokalitetar, både når det gjeld kontorplassar og møterom av ulik storleik
- Stort nok møterom for fellesnemnda sine møte
- Det er ikkje utgifter til husleige for prosjektet

**Vurdering:**

Prosjektleiar meiner lokaliseringa på Skjenet 2 er godt eigna som prosjektkontor for etablering av nye Øygarden kommune. Prosjektet har lokale for seg sjølv i 2. høgda og det er både tenlege cellekontor, kontorlandskap og små og store møterom som er godt eigna for fellesnemnda sine møte, partsamansett utval sine møte og prosjektmøte for grupper av ulik storleik.

Lokala er umøblerte og kan møblerast og supplerast i tråd med prosjektet sine behov for kontorplassar og møterom. Utgifter til møblar og utstyr vert belasta prosjektet. Fjell kommune vil ikkje krevja husleige frå prosjektet og dekkjer alle bygningsmessige kostnader.

Det er og gode parkeringstillhøve utanfor bygget.

Prosjektleiar meiner det er ei føremon at prosjektstaben er lokalisert utanfor rådhusa i dei tre kommunane.



## Nye Øygarden kommune

Arkiv: 016  
Saksmappe: 2017/4792-24535/2017  
Sakshandsamar: Sølvi Fotland Spilde  
Dato: 25.09.2017

### SAKSDOKUMENT

| Utvaksaksnr | Utval                            | Møtedato   |
|-------------|----------------------------------|------------|
| 16/17       | Fellesnemnd Nye Øygarden kommune | 02.10.2017 |

**Ymse**